

Møtebok FR 9. februar 2023

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Torsdag 9. februar 2023 kl. 17:00
Opningsord: Dag
Stad: Kyrjekontoret i Thiisafabrikken.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Heine Kaldefoss (Nysæter), Svein Arne Theodorsen (vara, geisteleg representant), og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

FRÅVER: Øyvind Kyvik (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg representant) og Nils Dale Elde (Stord). Begge vararepresentantane (Anders Dahl, 1.vara og Kirsti Frugård, 2.vara) var innkalt, men kunne ikkje møta.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2023/01 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/02 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 14. des. 2022

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2023/03 273 DØGNET 2023 - Evaluering

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd tek den svært positive evalueringa av DØGNET 2023 til orientering og anser kostnadane med DØGNET som vel anvendte pengar.

Samrøysta vedteke.

2023/04 273 DØGNET 2024 – Fastsetjing av tidspunkt

Vedtak:

Døgnet 2024 vert arrangert fredag 12.-laurdag 13. januar 2024 i Haugesund.

Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:

- Framdrift kontorlokasjon.
 - Staben har vore på synfaring. Det vert arbeidd med oppmåling av kontor og fordeling av kontor. Me har tilbod om å kjøpa brukte kontormøblar frå NAV (noverande leigetakar i Sævegen 21) og vil kartlegga kor mykje av dette me treng i forhold til det me tek med oss frå Thiisafabrikken.
 - Planen er å overta lokala i Sævegen frå 01.06.2023.
- Framdrift, kyrkjelydspedagog, vikariat.
 - Annonsering av ledig stilling er utvida. Me har pr. i dag motteke 2 søknadar, men ynskjer fleire før me startar tilsetjingsprosessen.
- Framdrift gartner/gravplassarbeidar, vikariat.
 - Me har motteke 5 søknadar og hatt intervju med to av desse. Det gjenstår å kontakta referansepersonane.
- Orientering frå Leiarforum 26.01.2023
 - Tema for siste Leiarforum var DØGNET og prosessen vidare med planstrategi, felles soknerådsmøte i april, gjenopptak av arbeidet med frivillighet samt årshjul for arbeidet i Leiarforum.
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag
 - Evaluering DØGNET
 - Misjonsprosjektet, bevisstgjerings.
 - Manglar ein del frivillige til ulike gudstjenestelege oppgåvr.
 - Arbeider med forma på soknemøtet/årsmøtet.
 - Folkehelsedagane 10.-11. juni og kyrkja sitt bidrag.
 - Innmelde som aktuelle kandidatar til valg av nytt bispedømmeråd: Leif Steinar Alvsvåg, Kirsti Frugård og Dag Sele.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Jens Arne
 - Evaluering av DØGNET.
 - Arbeider med rekruttering av kandidatar til soknerådsvalet og synleggjering av valget i media.
 - Nysæter sokneråd stiller med 3-4 personar på kyrkja sin stand under Folkehelsedagane laurdag 10. juni.
 - Innmeld som aktuell kandidat til valg av nytt bispedømmeråd: Rune Jørgensen.
 - Nytt medlem i gudstenesteutvalet: Gunvor Lie Andersland
 - Årsmøte 12.mars
 - Familiedag på Valvatna gard 14. mai.
 - Basar 28. oktober.
 - Arbeider med rekruttering av frivillige til fasteaksjonen.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
 - Det er ikkje noko særleg å informera om sidan sist. Dag held kontakten med ordførar Gaute Straume Epland i forhold til det vidare arbeidet med reguleringsplanen for Frugarden-området og omegn.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.

- Nytt frå gravplassane.
 - Framdrift namna minnelund på Nysæter gravplass.
 - Planen er å ta den namna minnelunden i bruk i løpet av april 2023.
- Nytt frå kyrkjene.
 - Lekkasje i barnehagelokala i Nysæter kyrkje. Dette medfører både innvendig og utvendig arbeid. Samarbeid mellom Stord kommune og kyrkjevevja.
 - Nytt teppe vert lagt i Stord kyrkje i veke 8.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 09. februar 2023
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjevevje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsd 19.april 2023 kl. 17:00**